

John Erik og Irene K. Foer  
Foravegen 20  
5641 FUSA

Foer, 31.08.14

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## **Kultur- og ressursutvalet v/regionavdelinga**

### **FAKTAOPPLYSNINGAR TIL INNSPELA TIL AREALPLANEN 2015-2025 I FUSA KOMMUNE FOR OMRÅDET SKJØRSAND/FUSA**

#### **1. Innleiing**

##### **FUSA KOMMUNE – MIDT I BLINKEN**

Visar til samfunnsdelen til kommuneplan 2011-2023, utdrag

Satsingsområde 1 – Berekraftige lokalsamfunn

##### **A. Naturkommunen Fusa – På lag med naturen**

###### **MÅL :**

I Fusa skal vi syta for ein god balanse mellom det å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde og areal til næringsliv og til attraktive byggeområde.

###### **STRATEGIAR :**

Vi sikrar berekraftig forvaltning av kulturlandskapet ved å :

- setja av kjerneområde for landbruk (jord og skogbruk)
- etablera fellesbeite i kulturlandskapet

Ein god balanse mellom det å ta vare på natur, landbruk og friluftsområde og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive byggeområde syter vi for ved å :

- leggja særleg vekt på å unngå konflikhtar mellom landbruksnæringa og bustad- og hytteområde
- leggja til rette for at bygging skjer mest mogeleg på areal som er lite dyrkbare

## C. Arbeidskommunen Fusa – Rikt og variert næringsliv

### MÅL :

Fusa skal vera ein god verts kommune for næringslivet.  
Vi skal ha eit livskraftig og berekraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd.

### STRATEGIAR :

Vi satsar på eit livskraftig og bærekraftig landbruk ved å :

- ta vare på fulldyrka jord og syta for at det er minst like mykje jordbruksareal i drift i Fusa kommune i 2020 som i 2010.....
- Arbeida for fleire husdyr som kan bidra til å halda kulturlandskapet ope

.....

### Bodstikkestafetten : Frå formannskapet i Fusa kommune, utdrag.

#### Visjon:

Fusa kommune skal arbeide for å ivareta landbruket i Fusa sine interesser på ein best mogleg måte.

Målet er å fremje eit bærekraftig landbruk som sikrar mat, miljø og levande bygder i Fusa og med det ei bærekraftig samfunnsutvikling.

#### Mål:

I 2020 skal det vere minst like mykje jordbruksareal i drift i Fusa kommune som det var i 2010 - d.v.s. minst 14 000 daa.

Fulldyrka jord i Fusa vert tatt vare på for etterkomarane, slik at den vert mogleg å dyrka mat på.

Bygging skjer mest mogleg på areal som er lite dyrkbare.

Fusa kommune tenkjer nytt når dette er naudsynt for å få desse måla til å gå i hop.

.....

### Fylkemannen i Hordaland

### Uttale til planprogram - Fusa - Kommuneplan - Arealdelen - 2015 – 2025, utdrag.

#### **Bustader**

Kommunen bør vere tydeleg på kor ein ønskjer å opne for nye bustader. Nye bustadområder bør lokaliserast knytt til eksisterande infrastruktur, senterområde og i nærleik til arbeidsplassar eventuelt med sikte på å korte ned pendlaravstandar. Spreidd bustadbygging kan nyttast i områder der presset er lågt, men det må ikkje leggjast opp til etablering av bustader på dyrka mark.

## Landbruk

Kjerneområder for landbruk bør i stor grad liggje fast og utgjere føreseielege rammer for næringa, mindre tilpassingar kan likevel vere fornuftig. Det er positivt at kommunen har ein strategi for å oppretthalde arealmengda med dyrka areal. Fylkesmannen legg til grunn at dette må gjelde all dyrka mark og ikkje berre fulldyrka mark.

.....

## 2. INNSPELA TIL AREALPLAN 2015-2025 I FUSA KOMMUNE

For området Fusa/Skjørsand visar me til dei innspel som er kommen inn til arealplanen for perioden 2015-2025. Innspele legg opp til å byggja ned dyrka mark og beite i dette området. Omregulering av dei aktuelle areala vil vera i strid med kommunens egne strategiar og visjonar, samt i strid med dei føringar som fylkesmannen har gitt om å ta vare på landbruksjord med tilhøyrande kulturlandskap. Landskapet her utgjer eit naturleg skille mellom areal som er egna for bustadføremål og for jordbruksføremål. Det er areal i dette området som det er mogeleg å nytta til bustadføremål som td. utviding av Opsalmarka mm.

Innspele som byggjer ned dyrka mark og beite er : Bustadområde nr 13, 29, 39, 41, 42, 54(1) og 77, naust nr 6, industri nr 4 samt friluft nr 11 (10). Bustadområde 39, 41 og 77 ser ein av vedtak i plan og miljø utvalet ikkje er med til vidare vurdering i prosessen. Kommunen må ikkje byggja ned den dyrka jorda og beita. Ber om at desse areala vert teken vare på og dermed teken ut av arealplanen for å kunna drivast vidare i framtida. Areal som er nemt her må leggjast inn under kjerneområde landbruk.

Sjølv eig me og driv gnr 36/2 på Skjørsand der John Erik har hovedinntekta si frå garden. Driftssenteret til garden ligg i det opne landskapsområdet på Skjørsand/Foer. På garden driv ein i dag med mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon og har +/- 55 storfe i driftsopplegget vårt.

Me haustar og har beitedrift på gardane på Foer, gnr 36 bnr 1, 2, og 4 der ein teig ved Eikhovdaheimen og beite søraust for Foravegen på bnr 4 ikkje er med. I tillegg haustar me to gardar på Fusa og ein på Dalland. Areal som er ein del av driftseininga vår på Foer gjer at ein har eit samanhengande/skjerma landbruksområde/kulturlandskap i drift som går frå oppsida av fylkesvegen på Foer, langs Foravegen mot Venjaneset/Frank Mohn, samt beitedrift v/Fusatun. Med dette samanhengande arealet gjer at ein har ei rasjonell drift her ved stell, hausting og beitedrift.

### Innspele som gjeld vår driftseining :

1. På gnr 36/2 er det kommen eit innspel frå Fusa utvikling, nr 54 (1), som tek store delar av garden, slåttemark og beite til bustadføremål. I tillegg er det foreslått område til friluft 11 (10) på innmarka v/driftssenteret vårt. Me reagerer på at me ikkje er informert om dei innspele som er gjort her både frå dei som har spelt inn og i frå kommunen når det er innspel på andre sin eigedom.
2. På gnr 36/1 er det kommen 3 innspel til bustadområde ( nr 39, 41, 42) der eit av innspele, nr 42 har gått vidare i prosessen. Områda er idag nytta til slått og beite.
3. På gnr 36/4 er det kommen 3 innspel, bustadområde 13, naust 6 og friluft 11 (10). Områda er i dag nytta til slått og beite.



Me har heller ikkje vore klar over innspela på eigedommane me ikkje eig.

Ved å omregulera areala her frå landbruk til bustadføre mål, naust og friluft vil føra til at det ikkje vil vera mulig å driva gard rasjonelt og økonomisk her lenger. Det som er sentralt er at innspel naust 6, bustad 13, 42, 54 (1) og friluft 11(10) går ut over jordbruksareal som i dag er sjølv fundamentet for drifta av den garden som er i drift i dette området. Andre innspel (innspel 39 og 41) som ikkje blir tatt med vidare av den grunn at det er jordbruksareal, ville ikkje medført nedlegging av gardsdrift i kommunen. Sjølv med bustadområde på dei områda som garden sjølv ikkje eig vil dette gjera vidare drift umulig, då bustadområder i mellom driftsenteret og areala mot Venjanaset vil gjera det vaskeleg å ha ei rasjonell drift. At ein då konkluderer motsatt med tanke på hva ein vil vurdera vidare framstår mildt sagt som underleg og i strid med det mandatet som dei folkevalde har. Motstriden og dei ulogiske beslutningane som er tatt medfører at møtereferatet framstår som mangelfullt med tanke på kva saksopplysningar og faktiske forhold i saka som ligg til grunn for dei ulike resultatane.

Argumentasjonen som nyttast er utviding av eksisterande bustadområde og etablering av nytt (som medfører at beiteområde ved Fusatun ikkje er med vidare). Dette er ein kunstig argumentasjon. Kva ein ser dei nye områdene som, er lite til hjelp når desse definisjonane går framfor kommunen sine strategiar og visjonar. Dei sist nemde må naturleg nok vega tyngst og ikkje setjast til side fordi kommunepolitikarane kun ser på definisjonar av nye bustadområde.

Så lenge det ligg anna areal som ikkje kjem i konflikt med jordbruksdrift (Oppsalmarka m.m.) og som oppfyller dei same kriteriana som dei her aktuelle områda vil nok en gang kommunens sine strategiar og visjonar vera styrande for vidare val.

Ser at kommunen nyttar uttrykk som fortetting og utviding av eksisterande bustadfelt. Nokre hus først, i neste omgang fortetting/oppretting av bustadfelt og så utviding av eksisterande bustadfelt. Dette er kort fortalt om gangen for bustadfeltet Eikhovda og Ågotestølen som no vert brukt for å dra dette vidare. Både forhenverande og noverande eigar av gnr 36/2 har sett farane for landbruksdrift med denne utviklinga og vore imot både når det vart teke areal frå garden her til Eikhovda og utvidinga av Eikhovda/utbyggjinga av Ågotestølen.

Arealane langs Foravegen ligg for seg sjølv og har ikkje noko nevneverdig til felles med Eikhovda og Ågotestølen enn grensene. Tilkomstveg går gjennom to gardstun der hos oss går trafikken tett på våningshuset. Trafikken på vegen er allereie stor og me vil ikkje ha meir trafikk på vegen.

For å ikkje få auka trafikk på vegen har bruka nr 1, 2 og 4 i tinglest avtale/erklæring av 22.02.1997 vorte einige om følgjande :

« Eigarane av gnr. 36 bnr. 1, gnr. 36 bnr. 2 og gnr. 36 bnr. 4 er samde om at samtlege må skrifteleg godkjenna vegrett for eventuelle nye brukarar til Foer gardsveg.»

Foer gardsveg består av fleire vegar der dei fleste av vegane er nummererte internt. Hovedvegen har fått adressenamnet «Foravegen».

Alternativ til bustadområde er som nevnt utviding av Opsalmarka eller hvis ein tenkjer heilt nytt som Fusa kommune seier, kan eit anna døme vera at ein går parallelt med skogsvegen v/Fusatun, tvers for innkøyinga til Eikhovda, på bnr 36/3 og byggjer ut opp mot Foraberget i utmarka der. Då vil ein ha nok flotte utsiktstomter på Fusa i overskueleg framtid. Fusa kommune har masse areal

dei kan bruka til bustadbyggjing, næringsliv mm utan å ta areal frå landbruket som kan nyttast til matproduksjon i framtida. **Jord byggjer ein ned berre ein gong så er den tapt for all framtid.**

Me er imot innspela som byggjer ned/fører til avgang på landbruksjord og ber om at desse innspela vert fjerna frå planen. Me ønskjer å oppretthalda driftseininga vår og har dermed bruk for areala i vidare produksjon samt at ein beheld kulturlandskapet på gardane her.

**I Fusa bør det vera plass til alle :).**

Ber om snarleg tilbakemelding på dei overståande forholda.

Mvh

  
John Erik Foer

  
Irene Kvåle Foer